



Kyrhovden Velforening v/ Jannicke W. Baug
Kyrhovden 26
5936 MANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/981 - 15/6508

Saksbehandlar:

Silje Vikøren Palmesen

silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:

08.06.2015

Viser til mail 4. mai 2015 frå Kyrhovden velforening.

Røyking ved postkassestativ:

Eg tok dette opp med dei som røykjer, dei kjende seg ikkje igjen i det som var skildra.

Biletet av sneipane: Dei tilsette gjekk og såg på dette, og frå deira ståstad såg det ut som nokon kunne ha tømd eit askebeget frå ein bil. Dei plukka i alle fall opp sneipane som låg der og har flytta seg til ein annan stad.

Parkeringsplassen bak skulen.

Levering av skuleborn: Dette har skulen gong på gong teke opp med heimane, og me vil igjen presisera dette ved skulestart i august.

Parkering for tilsette: Rektor har gjeve melding til alle tilsette om kvar dei ikkje kan parkera.

Har også gjeve melding til PPT-leiar som også plar parkera her når personar herifrå deltar på møte. Me prøver å informera vikarar og andre så langt råd er. Viser elles til at det er løyvd 1 mill inneverande år til utbetring av trafikkavvikling ved hovudinngangen til skulen, her kjem det nokre fleire parkeringsplasser enn det er i dag. Arbeidet vert vonaleg starta i haust.

Når det gjeld kven som «eig» kva i høve parkeringsplassen, er dette utanfor rektor sitt ansvarsområde, og må takast opp med kommunalsjef for drift og forvaltning. Det same gjeld grusen som vert nemnd. Dette må i så fall leggjast inn under vaktmeisterarbeid, og me har ingen eigen vaktmeister for skulen, så skulen styrer ikkje slike evt oppgåver.

Rektor har sendt mailen dykkar vidare til Einar Færø, så dette er formidla vidare i systemet frå mi side.

Skilt parkering «kun personbiler»: Viser til svar på mail frå Einar Færø – Radøy kommune 5. mai 2015.

Ynskje om **grusing av gangsti**: dette ligg også inn under Drift og forvaltning, og er formidla vidare i same mail.

Oppsummert har skulen gripe fatt i ein del av punkta nemnd i mailen, ein del punkt må de ta opp med kommunalsjef for Drift og forvaltning. Som nemnd er mailen dykkar vidareformidla til Einar Færø med kopi til kommunalsjef for Oppvekst Jo Tømmerbakke.

Med helsing

Inger Morken Ellingsen
Rektor Manger skule

Silje Vikøren Palmesen
sekretær Manger skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kyrhovden Velforening v/ Jannicke Kyrhovden 26 5936
W. Baug
Inger Morken Ellingsen

MANGER